

## Johann Roppen

---

**Fra:** Johann Roppen  
**Sendt:** fredag 8. mai 2020 11:56  
**Til:** ALLE-Campus  
**Emne:** NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 18/2020, 8. MAI

### **NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 18/2020, 8. MAI**

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no).

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

### **DELVIS OPNING AV HØGSKULEN FOR STUDENTAR OG TILSETTE**

Regjeringa letta på mange av smittverntiltaka torsdag 7. mai. For Høgskulen i Volda vil det bety at fleire tilsette vil få kome til sin vanlege arbeidsplass frå måndag 11. mai. Mange studentar vil også få tilgang til høgskulen dei siste vekene av semesteret. Korleis dette skal praktiserast blir avgjort av kriseleiinga måndag 11. mai. Dei vanlege reglane for smittevern gjeld framleis og høgskulen vil også drøfte delvis opning med Volda kommune. Høgskulen legg også stor vekt på at både tilsette og studentar skal vere godt informerte om dei generelle tiltaka og dei spesielle lokale tiltaka.

### **UNDERVISNINGA VERT FRAMLEIS DIGITAL**

Sjølv om høgskulen opnar gradvis opp for at tilsette kan vende tilbake til sine arbeidsplassar så skal undervisning og rettleiing av studentar framleis skje digitalt. Det er blant anna for å sikre likebehandling mellom studentar som er i Volda og studentar som har reist bort. Høgskulen gav då også beskjed i mars om at det ikkje ville bli meir undervisning på høgskulen dette semesteret.

### **RETNINGSLINER FOR STRØYMING OG OPPTAK AV UNDERVISNING**

Høgskuledirektøren har vedtatt interne retningslinjer for strøyming og opptak av undervisning. Retningslinjene har vorte sendt til alle tilsette. Etter retningslinjene skal blant anna studentar få påminning frå lærar for kvar undervisningsøkt om at dei er med på eit videoopptak som vert strøyma og/eller lagra, og at det er opp til dei sjølve å reservere seg mot å vere med i bilde eller lyd. Generell informasjon om dette vil også bli lagt ut på høgskulens nettsider og i undervisningsplattforma Canvas. [Retningslinjene er å finne i lag med anna regelverk for Høgskulen i Volda.](#)

### **KORONA-STUDIEPLASSAR: HØGSKULEN FORESLÅR 200 NYE STUDIEPLASSAR OG 4 STIPENDIATSTILLINGAR**

Kunnskapsdepartementet har invitert høgskular og universitet til å foreslå fagområde der det kan takast opp fleire studentar enn planlagt hausten 2020. Invitasjonen vart sendt frå KD seint på fredag 24. april og med svarfrist torsdag 30. april. Avdelingane ved HVO har til saman foreslått ca 200 nye studieplassar fordelt på 14 utdanningar - både årsstudium, bachelor og masterstudium og dette har vorte formidla til KD. I tillegg har høgskulen også foreslått fire nye stipendiatstillingar: 2 på lærarutdanning, 1 på helse- og sosial og 1 på Framtidsferdigheiter. Høgskulen ber også om ein rundsum på kr 1 mill fordi fleire studentar truleg vil kreve meir grupperom med nødvendig utstyr. Kunnskapsdepartementet si fordeling av studieplassane vil bli kjent når regjeringa presenterer sitt framlegg til revidert nasjonalbudsjett 12. mai. [Nettavisen Khrono skriv 7. mai at regjeringa vil foreslå å opprette 250 nye stipendiatstillingar.](#)

### **DIGITALE KURS FOR KORONA-PERMITTERTE: "PERSONALLEIING FOR MELLOMLEIARAR"**

Møre og Romsdal fylkeskommune har løyvt midlar til eit kompetanseløft for tilsette i bedrifter i Møre og Romsdal - og det er særleg korona-permitterte som er målgruppa. Kursa blir heildigitale. Ålesund kunnskapspark (ÅKP) samordnar kurstilboda og Høgskulen i Volda er ein av fleire aktørarar i samarbeidet

og tilbyr kurset "Personalleing for mellomleiarar". Det er [førstelektor Magnar Hjertenæs](#), ASH, som er ansvarleg for kurset. Kurset kan starte opp alt 19. mai, men er avhengig av kor mange som melder seg på. [Les meir om kursa her](#).

### **FESTIVALAR MISSER IKKJE STØTTA FRÅ HVO**

Høgskulen har kvart år gjeve støtte til festivalar som vert rekna som viktige for studentmiljøet og Volda som studiestad. I år har mange av festivalane vorte avlyst. Høgskulen har valt å gje støtte som tidlegare år, så lenge festivalane prøver å gjennomføre delar av festivalane som alternativ, digital aktivitet.

[Her er eit oversyn over festivalar og store kulturarrangement i studiebygda Volda](#).

### **KORONA-FRI SONE:**

### **YTREHORN AKTUELL SOM NY MELLOMBELS DEKAN PÅ AVDELING FOR MEDIEFAG**

[Odd Ragnar Hunnes](#) har vore mellombels tilsett som dekan på Avdeling for mediefag sidan i fjor haust. Frå 1. juni skal han etter planen pensjonere seg. [Instituttleiar Jan Ytrehorn](#) har sagt seg viljug til å stå til disposisjon som dekan frå 1. juni om det trengst. Etter planen skal høgskulestyret tilsette dekan i neste styremøte, men det er usikkert når ny dekan vil vere på plass og Ytrehorn vil då kunne gå inn som dekan i ein overgangsperiode. Ytrehorn er instituttleiar på Institutt for journalistikk på Avdeling for mediefag.

### **KJETIL MYSKJA FLYTTAR TIL YORK: BLIR DAGLEG LEIAR PÅ DET NORSKE STUDIESENTERET**

[Førstelektor Kjetil Myskja](#), AHL, skal det komande studieåret vere dagleg leiar ved Det norske studiesenteret i Storbritanna ved Universitetet i York. Han skal i denne tida ha permisjon frå si stilling som førstelektor på engelsk ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning. Engasjementet varer i første omgang frå 1. august 2020 og eitt år framover, men kan bli forlenga til to år. Det norske studiesenteret er eit fellestiltak for norske høgskular og universitet og blir administrert av Universitetet i Bergen. [Les meir om studiesenteret på nettsidene til University of York](#).

### **DUGNAD PÅ YKSNØYA: NYE FLYTEBRYGGER TIL STUDIESTART**

Ein aktiv dugnadsgjeng har sørge for at høgskulens friluftslivbase på Yksnøya har fått på plass splitter nye flytebrygger til studiestart 2020. – Det blir fantastisk å få ta med studentar ut dit og nytte dei, seier [høgskulelektor Ola Einang](#). [Les meir på våre nettsider](#).

### **VIDAREUTDANNING HAUSTEN 2020 – LEDIGE Plassar ved Høgskulen i Volda**

No kan du søkje opptak til ei rekkje studium med oppstart hausten 2020. Høgskulen i Volda tilbyr ei rekkje fleksible studietilbod på nett og deltid som møter kunnskaps- og kompetansebehov på fleire sentrale samfunnsområde. [Les meir på våre nettsider](#).

### **TO SØKNADER TIL FYLKET OM FORSKINGSMIDLAR OM VERDISKAPING I MARIN SEKTOR**

Møre og Romsdal Fylkeskommune har invitert forskingsinstitusjonar i fylket til å søke om midlar til forskning på verdiskaping i marin sektor. [Les meir om utlysinga i sakspapira til Forskingsutvalet, 30. mars](#). Fagmiljøa ved Høgskulen i Volda har sendt to søknader. Den første søknaden er sendt av naturfagmiljøet på AHL og fokuserer på berekraftig utvikling. Prosjektet har tittelen "Beskytte, bruke og bevare - Naturfagdidaktisk prosjekt for bærekraftig havrom og kystlandskap" og [førsteamanuensis Jan Håkon Vikane](#) er prosjektleiar. Den andre søknaden er sendt frå historiemiljøet og fokuserer på verdiskaping. Søknaden har tittelen: "Samspillet mellom maritime og marine næringer i Møre og Romsdal: Historisk bakgrunn og framtidig nytte" og [stipendiat Eirik Holmen](#) er prosjektleiar.

### **PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!**

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når det (helst) finst lenke til ei bok eller ein tidsskriftartikkel du har fått publisert.

## **PUBLISERINGAR (2): STEIN HELGE SOLSTAD HAR UTGITT MONOGRAFI PÅ ROUTLEDGE**

[Førsteamanuensis Stein Helge Solstad](#), AKF, har fått utgitt ein vitenskapleg monografi på velkjende Routledge forlag: [Expertise in Jazz Guitar Improvisation: A Cognitive Approach](#). Monografien er basert på doktorgradsavhandlinga hans som han [disputerte på på Musikkhøgskulen i 2015](#).

PS: Om du vil kjøpe boka med stive permar har ho [stiv pris på Amazon](#): Den kostar heile 130 britiske pund! Men i elektronisk versjon (Kindle) dett prisen til 9 britiske pund - men då får du berre lese ho i ein avgrensa periode. Som vi ser så vert det av og til sett verkeleg høg pris på forskning!

## **PUBLISERINGAR (3): TRYKKESTØTTE TIL ARTIKKELSAMLINGAR**

Høgskulen har gitt trykkestøtte til to bokprosjekt. Begge prosjekta er i regi av tilsette på Institutt for religion, livssyn og kyrkjefag og begge prosjekta har fått kr 25.000. Det eine bokprosjektet er antologien: "Grace for Being Fallible: Philosophical, Theological, and Religious Questions". [Professor Knut-Willy Sæther](#) er ein av to redaktørar på boka, som vil kome ut på forlaget Palgrave Macmillan. Det andre prosjektet er antologien "Tru på Vestlandet. Tradisjonar i endring". Den vil kome ut på Cappelen Damm, og redaktørane er [professor Per Halse](#), [dosent Birger Løvlie](#) og [førstelektor Kristin Hatlebrekke](#). Les meir om [ordninga med trykkestøtte her](#).

## **MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020**

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

11.6.2020: [Styremøte 3/2020](#)

### **Studieåret 2020-2021**

18.8.2020: [Studiestart, studieåret 2020-2021](#), HVO

1.-4.10.2020: [Animation Volda](#), Volda

29.-30.10.2020: [Barnehagekonferansen 2020](#), Ålesund (AVLYST)

11.-12.11.2020: [Fjordkonferansen 2020](#), Loen

28.-29.10: Utdanningsdagane

## **LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.hivolda.no/stilling>

## **REKTORBLOGGEN**

[Nettundervisning: Det starta med historie](#) (24.4.2020)

### [Alle blogginnlegg](#)

## **HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.**

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)  
[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)  
[Mediehuset: Minutt-for-minutt-bilde](#)

Med venleg helsing

**Johann Roppen**

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23

[www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

